

Saksframlegg politisk sak

Sakshandsamar: Karl Johannes Romarheim

Politisk handsaming:

- Vedtak om høyring i formannskapet 21.09.23

Høyring - Forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- I samsvar med forvaltningslova §37 blir framlegg til forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr, lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.
- Høyringsperioden er seks veker

Vedlegg:

- Framlegg til forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr i Alver kommune.

Kva saka gjeld:

- I denne saka skal formannskapet legge ut eit framlegg til forskrift på høyring. Dette gjeld forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr.

Saksutgreiing

Bakgrunn

I 2016 kom det ei ny nasjonal forskrift om brannførebygging, med krav om å gjennomføre feiing og tilsyn av fyringsanlegg på ein annan måte. Den største endringa er at feiing og tilsyn skal vere risikobasert ut frå ein kartlagt risiko, og feiing og tilsyn skal gjennomførast i tråd med risikovurderinga. Frekvenskrava blei fjerna og erstatta med ei lokal risikovurdering. Det kom også krav til å kartlegge utsette grupper med særleg risiko, i tillegg til at hytter og fritidsbustader skal ha feiing og tilsyn på lik linje med bustadhus.

Vurdering

For å klargjere overgangen til eit risikobasert system, blir det lagt fram ei lokal forskrift som skal tydeleggjere at kommunen kan krevje inn gebyr uansett frekvens og tidspunkt. Gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg blir fastsett årleg av kommunestyret, og gebyr blir krevja inn frå alle som har fyringsanlegg, uavhengig av bruk. Gebyret er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn blir gjennomført, men blir gjennomført i tråd med ei risikovurdering. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg blir utført av Nordhordland brann og redning (NHBR), og dei praktiske konsekvensane av endringane i forskrifta blir handtert av avdeling for feiing og bustadtilsyn.

Framlegg til lokal forskrift blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova §37, med 6 vekers høyringsfrist. Dei andre kommunane i brannsamrådet, Austrheim og Modalen, må også handsame den lokale forskrifta for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.